



Byglandsnytt nr.28 –desember 2021

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no

Neste utgåve: 4. januar 2022 - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 29.12. - Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

**Bygland kommune ønskjer alle byglendingane
GOD JOL og GOD NYTTÅR**



Jolehelsing frå ordføraren


Kjære sambygdingar!

Jolehøgtida nærmer seg, og for mange er det ei tid for samver med familie og vener, ulike joletradisjonar og ei tid for ettertanke.

Året 2021 vil nok gå inn i historia som eit år der mykje har vore annleis. Dette året byrja med restriksjonar i høve reiseverksemd, begrensingar i arrangement, møteverksemd, eit venleg håndtrykk eller ein god klem. Fokus på reinhald var framleis ein del av kvardagen.

Men heldigvis vart vaksinerings av innbyggjarane starta opp. Tidlegare i haust vart mange av restriksjonane oppheva. Me kunne begynne å leve langt på veg slik me gjorde før pandemien ramma oss. Visse restriksjonar må me fortsatt leve med, og det må me nok rekne med å måtte gjøre ei god stund frametter.

Eg håper at alle får ei god jolehøgtid, og eg vil nytte høve til å takke alle for å ha delteke i den dugnaden me har hatt også i store delar av 2021. De har på ein god måte halde dei restriksjonane som til ei kvar tid har vore gjeldande. Dette har medført at me i Bygland har hatt svært få tilfelle av Korona-smitte. Eg vil oppmøde alle om å halde evt restriksjonar som måtte



vere naudsynt, og at så mange som mogleg tek imot tilbod om vaksine slik at samfunnet kan fungere som før. Hjarteleg takk til dykk alle!

Eg vil også takke alle tilsette i Bygland kommune og alle folkevalde i ulike råd og utval for iherdig innsats. Like så vil eg takke næringslivet i Bygland og lag, foreiningar og frivilljuge som skaper vekst og godt bumiljø for alle i kommunen.

Eg ynskjer dykk alle ei god og fredfull jol.

Ta vare på kvarandre og nyt høgtida med familie og vener i vakre Bygland.

Takk for i år og godt nytt år!



Egghjörn Ape Færevold

Opningstider Bygland kommunehus

Sentralbord: tlf. 37 93 47 00 - måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00

Jol 2021:

Bygland kommunehus er stengt fredag 24.12., torsdag 30. og fredag 31.12.

Ope i romjola måndag 27. – onsdag 29.12. kl. 10.00 – 14.00.

NAV: tlf. 55 55 33 33 - måndag – fredag kl. 08.00-15.00

Rettleiingssenter i Bygland: drop-in uten timeavtale torsdag kl. 12.00–14.00

Jol 2021:

NAV Midt-Agder, avdeling Bygland har ope for Drop in siste dag før jul, onsdag 22. desember mellom 12.00 og 14.00. Stengt i romjola.

Om de har behov for å komma i kontakt med oss i romjola, kan de ringa 55553333. De vil då bli sett over til vakttelefonen vår.

Legekontoret tlf. 37 93 47 30 - Legevakt tlf. 116 117

Bygland legekontor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Byglandsfjord legekontor

Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	09.00 – 15.00	
tysdag	09.00 – 15.00	
onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
torsdag	09.00 – 15.00	
fredag	Stengt	09.00 – 15.00

Jol 2021:

24.12.	Legevakt. Bygland legekantor stengt
25.12.	Legevakt. Bygland legekantor stengt
26.12.	Legevakt. Bygland legekantor stengt
27.12.	Legevakt. Bygland legekantor stengt
28.12.	Ope 09.00 – 15.00 Bygland
29.12.	Ope 09.00 – 15.00 Byglandsfjord
30.12.	Ope 09.00 – 15.00 Bygland
31.12.	Legevakt. Bygland legekantor stengt
01.01.	Legevakt. Bygland legekantor stengt

Folkebiblioteket i Bygland

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

Jol 2021: Siste opningsdag tysdag 21.12. Første dag etter joleferien: måndag 03.01.2022.

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Levekårsutvalet:** 06.12. kl. 17.00
- **Plan, miljø og ressursutvalet:** 14.12. kl. 14.00
- **Formannskapet:** 15.12. kl. 13.00
- **Kommunestyret:** 16.12. kl. 09.00

Nytt om namn i kommunen

- Kristina Ose er ny avdelingsleiar i Open omsorg

Kunngjeringar

- **Offentleg ettersyn: Budsjett 2022 og økonomi- og handlingsplan 2022 - 2025**

Formannskapet handsama årsbudsjett 2022 og økonomi- og handlingsplan 2022 - 2025 i møtet 16.11.21, og la det ut til offentlig ettersyn på kommunehuset 18.11.21.

Høyringsfrist: 14.12.21


- **Varsel om igongsetting av detaljregulering for Greibrokk massetak**

Med heimel i Plan- og bygningsloven sin § 12-8 blir det med dette varsla at AT-skog på vegne av forslagsstillar Eystein Greibrokk, startar arbeid med detaljregulering for eksisterande masseuttak på gnr/bnr 58/2 i Bygland kommune.

For meir info: www.bygland.kommune.no «Kunngjeringar»

Nye datoar for "Passbilen"

Det er no sett opp nye datoar for når "Passbilen" kjem til Evje og Valle, slik at det blir mogleg å bestille Pass og ID-kort lokalt. Tilbodet er vesentleg utvida i forhold til sist, slik at det no er tilgjengeleg timar fordelt på to dagar i slengen.



Korleis bestille?

Du må gå inn på <http://www.politiet.no> og bestille time sjølv. Om det er nokon som ikkje får dette til, kan dei ta kontakt med lensmannskontoret, så kan dei hjelpe til med å bestille.

Tid og stad

Passbilen kjem til Valle og Bykle politistasjon 15. og 16. februar 2022 og 3. og 4. mai 2022.

Passbilen kjem til Bygland, Evje og Hornnes politistasjon 17. og 18. februar 2022 og 5. og 6. mai 2022

Det er no opna for å bestille time på desse datoane.

KORONA

No kan du bestille sjølvtest på legekantoret

Oppløver du at du får covid-symptom eller er du uvaksinert nærkontakt, kan du ta kontakt med legekantoret for å hente sjølvtestar. Gratis sjølvtestar skal prioriterast til:



- personar med symptom
- uvaksinerte nærkontakter
- uvaksinerte barn og unge ved målretta jamnleg testing (i situasjonar med utbrot)

Det er svært viktig at den som henter testen er symptomfri!

Om testen er positiv

Om testen er positiv, må du i isolasjon. Ta kontakt med legekantoret for vidare oppfølging. Du må bestille ein ordinær PCR-test for å sjekke om det positive svaret er rett.

Nærkontakter/medlemmer i husstanden som ikkje er fullvaksinerte, må i karantene til svar frå PCR-testen ligg føre.

Covid-19 vaksiner

Alle over 65 år som blei vaksinert med Covid 19 vaksine dose 2 for minimum 5 månader sidan skal no ha fått innkalling til **dose 3**. Er det nokon som ikkje har fått innkalling kan dei ta kontakt med Kjersti Plathe tlf. 952 15 572.

Vi er ferdige med vaksiner av alle over 12 år.


Vi kan og vaksinere med **1. og 2. dose** dersom nokon har ombestemt seg. Det er nok av vaksiner å få tak i. Vi må vaksinere 6 personar kvar gong då vaksineglasa kjem i dosar på seks og dei kan ikkje delast opp.

Vi minner også om anbefaling av **influensavaksine** og det kan ein få ved å kontakte legekantoret på tlf. 37 93 47 30.




Pandemien er ikkje over - hald deg heime om du er sjuk!

Vi opplever hurtig aukande smitte og lokale utbrot. Talet på innleggingar aukar, og det er fleire døde. Det er svært viktig at alle held seg heime om de er sjuke og testar seg ved luftvegssymptom.



Kva tid skal du bli heime pga sjukdom?

Symptom på luftvegsinfeksjon kan starte med svake symptom, som til dømes hovudpine og tett nase, eller meir klassiske influensasymptom som feber, hoste, sår hals og nedsett allmenntilstand. Symptoma kan vere teikn på covid-19.



¹ Feber, hoste, sår hals, tap av lukte- og smakssans, snørr, hodepine, nedsatt allmenntilstand.
² Hvis du har tatt en hjemmetest, må denne bekrefte med PCR på en teststasjon.
³ Restsymptomer som for eksempel snørr (uansett farge og tykkelse), hesitet og/eller noe hoste er greit.

Hvis symptomene er alvorlige eller ikke går over, ta kontakt med lege. Ta alltid kontakt med lege hvis du er bekymret for et barn!
 Generelt bør det væere lavere terskel for å kontakte lege jo yngre barnet er.



Flytskjema frå FHI. Dette skjemaet gjeld for alle, også dei som er vaksinerte eller har gjennomgått covid-19 tidlegare.

Det er særleg viktig at du held deg heime i det du får dei første teikna på akutt luftvegsinfeksjon. Du er mest smittsam dei første dagane med symptom. Svake symptom kan vere vanskeleg å tolke, men det er tilrådd at du tester deg for SARS-CoV-2 før du eventuelt går på skole/jobb. Om du har nye symptom på luftvegsinfeksjon som feber, hoste sår hals eller nedsett allmenntilstand, bør du halde deg heime. Ungdom og vaksne bør ha ein negativ covid-19-test før dei vender tilbake til skole eller arbeid.

Kva tid skal du halde barna heime frå skole og barnehage?

Forkjøling er den vanlegaste infeksjonen hos barn. Barnet kan gå i barnehagen når allmenntilstanden tilseier det. Det betyr at barn med noko restsymptom etter forkjøling, som rennande nase, snørr eller hoste, kan kome tilbake til barnehagen når barnet ellers er i vanleg form.

Ved hoste utan feber kan barnet i barnehagen når allmenntilstanden tilseier det. Ved langvarig eller kraftig hoste bør barnet bli undersøkt for blant anna kikhoste.

Meir informasjon om viruset, koronavaksine, influensavaksine og RS-viruset finn du på helsenorge.no og fhi.no.

Helse:

Råd til foreldre for å minske smitterisikoene ved RS-virus

RS-virus er eit virus som blir overført med sekret frå luftvegane, via luftsmitte og med forureina hender. Infeksjon med RS-virus er svært smittsam, og gir forkjøling og lungebetennelse.



- Hald barn med nye symptom på luftvegsinfeksjon heime frå barnehage, også ved negativ koronatest. Dette kan minske smittespreiing til andre barn, uansett virus. Som for andre sjukdomar, er ein mest smittsam i starten.
- Dei som har små barn under 2 år, bør unngå besøk av vaksne og barn som har luftvegssymptom - det er eit godt råd også når det ikkje er virussesong.

- I familiar med nyfødde og spedbarn, bør ein avgrense besøk. Om familien har behov for støtte, omsorg og avlasting, bør dette likevel bli ivareteke.
- Storesøsken må vaske hender når dei kjem heim før dei helse på spedbarn i familien.
- Dersom storesøsken blir sjuke, bør foreldre passe på at dei ikkje er tett på spedbarnet, sjølv om det kan vere vanskeleg i praksis. Dette er særleg viktig i dei første dagane av ein luftvegsinfeksjon når ein er mest smittsam.

Barn skal vere heime frå barnehagen til symptoma er mildare, formen er fin og barnet har vore feberfri i minst 24 timar.

Kontakt lege om du er uroa og barnet har anstrengt eller tung pust, feber og er slapp.

Mange ulike virus kan gi liknande symptom, så det viktigaste er å kontakte lege når ein er uroa.

Influensavaksine

Bygland legekontor vaksinerer mot influensa.

Ta kontakt med legekontoret på telefon 37 93 47 30 for å avtale time.



Målgruppe for influensavaksinering:

- Beboere i omsorgsbostader og sjukeheimar
- Alle frå fylte 65 år
- Gravide etter 12. svangerskapsveke (2. og 3. trimester). Gravide i 1. trimester med anna tilleggsrisiko
- Prematurt fødte barn, særleg barn født før veke 32 i svangerskapet, frå 6 måneder til 5 år
- Barn og vaksne med:
 - kronisk lungesjukdom (inkludert astma)
 - kronisk hjarte-/karsjukdom (anna enn velregulert høgt blodtrykk), spesielt personar med alvorleg hjartesvikt, lågt minuttvolum eller pulmonal hypertensjon.
 - diabetes mellitus, type 1 og 2
 - kronisk lever- eller nyresvikt

- kronisk nevrologisk sjukdom eller skade, spesielt personar med nedsett lungekapasitet
- nedsett immunforsvar som følge av sjukdom eller behandling av sjukdom (f.eks. organtransplanterte, kreft, HIV, reumatoid artritt og andre sjukdommer)
- svært alvorleg fedme (KMI over 40)
- anna alvorleg og/eller kronisk sjukdom der influensa utgjer ein alvorleg helserisiko, etter individuell vurdering av lege

Andre målgrupper

I tillegg anbefaler vi influensavaksine til følgjande grupper, primært for å beskytte andre (indirekte beskyttelse):

- Helsepersonell og andre tilsatte i helse- og omsorgstenesten som har nær kontakt med pasienter ved behandling eller pleie
- Personer som bur saman med (eller er tilsvarande nære) immunsupprimerte
- Svinerøktarar og andre med regelmessig kontakt med levande griser

Dei som bur i ein anna kommune må kontakte kommunen dei bur i for gratis vaksine i risiko gruppe.

Pleie og Omsorg

Informasjon om samanslåing av avdeling

Open omsorg og Habilitering i Bygland kommune



Frå og med 29.11.21 skal avdelingane Open omsorg og Habilitering i Bygland kommune bli til ei avdeling. Open omsorg vil no ha ein «base sør» og «base nord». Dette inneber at på dagtid og kveldstid vil Open omsorg ha bemanning både på Byglandsfjord og Bygland.

Det står i dag 3 ledige bustadar med døgnbemanning i Birkelandsgate på Byglandsfjord. Desse er det mogleg for alle med behov å søkje på frå 29. november 2021. Bemanninga vil bestå av dyktige sjukepleiarar, vernepleiarar, fagarbeidarar og assistentar.

Ny avdelingsleiar i Open omsorg er Kristina Ose.
Tenesteleiar Pleie og Omsorg er Leif Sigurd Helle.

Økonomi og næring

Om budsjett 2022

Formannskapet handsama årsbudsjett 2022 og økonomi- og handlingsplan 2022-2025 i møtet 16.11.21 og la det ut til offentlig ettersyn 18.11.21.



Det blei ikkje gjort endringar i budsjettframlegget i møtet 16.11.21, men dei politiske partia skal handsame budsjettet i sine grupper i perioden fram mot kommunestyremøtet 16.12.21, der budsjettet blir endeleg vedteke. Ein gjer merksam på at sakene om skulestruktur og eventuell eigedomsskatt på hus og hytter, er handsama i eige saker.

I 2022 er det sett av midlar til ein ekstern gjennomgang av helse og omsorgssektoren, sidan statistikkane (SSB) viser at kommunen driv dyrare enn samanliknbare kommunar på dette området. Ei moderat effektivisering og rasjonalisering innanfor denne sektoren, som er den desidert største i kommunebudsjettet, trur ein kan gi ei tilstrekkeleg innsparing til å få budsjettet for 2022 i balanse utan bruk av ordinært disposisjonsfond (oppsparte midlar). Kommunedirektøren tilrår og at det vert jobba systematisk vidare med å sikre samanhengande strategiske samarbeid rundt tenestilbodet innanfor felles bu- og arbeidsmarknad, og innanfor regionen. Hensikta er å sikre kvalitet og kosteffektive tenester.

Grunna høge straumprisar får kommunen 2,5 mill. ekstra i inntekter frå konsesjonskraft. Desse midla er i stor grad brukt til å auke budsjettet innanfor Pleie og omsorg, sidan det har vore stort trykk i denne sektoren i 2021, og ein ser at budsjettet for 2021 ikkje er stort nok. Inntekter frå skatt og rammeoverføringar er om lag 2,7 mill. høgare enn opphavleg budsjett for 2021. Dette skuldast mellom anna at skatteveksten i 2021 vart høgare enn det som var lagt til grunn då statsbudsjett for 2021 vart laga hausten 2020. Samla inntektsauke frå 2021 til 2022 for alle inntekter er på om lag 6,8 mill.

Utgiftene vert auka med om lag 5,3 mill. Dette skuldast primært ordinær løns- og prisvekst, auke av rente- og avdragsutgiftene (pga. høgare rente) og auke av budsjettet i eininga Pleie og omsorg. Samla sett så ser budsjettet for 2022 betre ut enn opphavleg budsjett for 2021, men det manglar framleis 2,7 mill. før budsjettet er i balanse. Ein trur at ei ekstern gjennomgang av einingane Pleie og omsorg og Helse, kor ein mellom anna ser på gevinsten ved å slå saman desse to einingane, vil kunne gi tilstrekkeleg innsparing til å få kommunen sitt budsjett i balanse i 2022. I 2023 ser det førebels litt lysare ut, sidan ein då ventar eit betydeleg høgare

utbytte frå Agder Energi AS, samt antakeleg ei auke i eignedomsskatt-
inntektene frå kraftverk og kraftliner.

På generelt grunnlag, så gjer ein merksam på potensielle utgiftsbomber i kommunen sitt driftsbudsjett, primært knytte til pleie og omsorg (eldrebølgja) og barnevernet (ny barnevernsreform). Kor kostbart barnevernet vil vere er i stor grad basert på kva for saker kommunen har i barnevernet til ei kvar tid. Dette kan variere stort frå kommune til kommune. Når det gjeld pleie og omsorg, så vil eldrebølgja bli ei økonomisk utfordring på lengre sikt, men, som nemnt, så viser statistikkane frå SSB at det kan vere eit potensial for effektivisering innanfor både helse og pleie og omsorg.

Kommunedirektøren foreslår følgjande endringar i kommunale avgifter for 2022:

- Vassgebyra vert auka med 3,5 %
- Avlaupsgebyra vert auka med 8,8 %
- Slangebyra vert redusert med 20,0 %
- Renovasjonsgebyra vert redusert med 15,0 %
- Feiegebyret vert redusert med 2,9 %

For ein bustad på 120 kvadratmeter, som har forbruk målt etter areal, vil desse endringane svare til ei auke på om lag kr 560 i året, som igjen svarar til ei auke på 2,9 % (til samanlikning er lønsveksten 3,2 % i 2022).

Bustadar som ikkje er påkopla kommunale anlegg vil få ei reduksjon i dei kommunale avgiftene.

Drift og Forvaltning

Symjehallen i Bygland

Takstar familiebadning på Bygland skule

- Born pr. gong 20.-
- Sesongkort born 150.-
- Vaksne over 18 år 40.-
- Sesongkort over 18 år 350.-
- Familie, sesongkort 700.-



Ein må betale sjølv om ein berre brukar dusj eller badstoga. Symjehallen er open for alle på endra opningstider: **tysdagar** og **fredagar** frå kl. 17.00 – 20.00.

Symjehallen er open fram til påske, men er stengt i juleferien og vinterferien til skulen. Alle som skal bruke symjehallen må dusje og vaske seg med såpe før dei badar. Vi ber om at det vert nytta Vipps (#539649) ved betaling av inngongsavgift.

Oppvekst

Klassequizen 2021

Bygland skule klarte å samle inn heile 11 av 12 poeng! Med dette strålende resultat skal Thomas, Ida Helen og Jon Vegard bli med i fylkesfinalen i veke 2 i januar!



Logo: Klassequizen NRK

Unntak frå fráværreglar

Regjeringa gjeninnførte unntak frå fráværreglane. Ved frávær av helsemessige orsaker treng ein ikkje legeerklæring. Det er tilstrekkeleg at foreldre stadfestar fráværet. Frávær av helsemessige orsaker vert ikkje ført på vitnemålet. Dette gjeld skuleåret ut.



Felles innsats for lesing og leseglede!

No er oppvekstsenteret i gang med leseprosjektet READ-Agder. Føremålet med prosjektet er å gi auka leseglede blant barn og unge, samt gi støtte til foreldra si involvering i barna si lesing.



Målgruppa er barn i alderen 4 - 5 år i barnehagen, og 1. og 2. trinn på skulen, samt foreldra deira.

Vi har hatt ei samling på biblioteket for foreldre, der dei fekk informasjon om prosjektet, samt rettleiing korleis dei kan lese med barna sine. Ungane har fått med seg lesebager med bøker til heimlån og rettleiingsmaterieill til foreldre. Lesebagen må leverast att i veke 4 i 2022, medan rettleiingsmaterieillet kan heimen behalde. Vi håper de får mange koselege lesestunder i lag.

Besøk READ Agder si eiga heimeside: <https://readagder.no/>

Har du liggjande barnebøker som ikkje blir lest?

Då vil gjerne skulane og barnehagane ta i mot dei. Du kan levere bøkene på Joker Bygland og Coop Byglandsfjord, fram til jol.

Bygland, Evje og Hornnes kulturskule

Kulturskulen inviterer elevar med familiar til årets jolekonsert på Evjemoen kino og scene, onsdag 15. desember kl. 18.00-19.00.

Elevane som skal delta møte 30 minutt før, altså klokka 17.30.

Generalprøve blir gjennomført tysdag 14. desember på Evjemoen kino og scene, klokka 17.00-19.00.

Velkomen til ein hyggeleg jolekonsert!

HENDINGAR PÅ BYGLAND SKULE

Fellessamling på kulturscenen

Ein gong i månaden samlar vi heile skulen på kulturscena. Her informerer elevrådet om aktiviteten sin, ulike klassar viser prosjekt dei har drive med eller framfører noko dei har øvd på. Rektor Irene Moe tar opp tema som heile skulen må arbeide med framover. Det kan vere at ein skal seie stopp om nokon blir urettferdig behandla. Vi må ta felles ansvar for at alle skal ha det greitt på skulen. Vi treng ikkje vere bestevenner, men vere ein god venn for alle, ein god skulevenn. Kvar månad blir **den gyldne kost** delt ut til den klassen som har flest smilefjes og har passa på å inkludere alle i leiken.



Den gyldne kost. Bilete: Susanne Hegenscheidt

Agderfolk

Onsdag 17.11. såg heile skulen forestillinga *Agderfolk* der me fekk oppleve eventyr, segn og musikk frå Agder. Dette var starten på prosjektet "Setesdalsfolk" som skal ende ut i ei forestilling våren 2022 der alle elevane frå 1. til 10. kl skal lage ei felles framsyning basert på lokal dans, song og spel. Vegar Vårdal er prosjektleiari, og han var også sentral i forestillinga *Agderfolk*. Ikkje lett å sitte stille når dei spelte fengande reinlender frå Sirdal! Me gleder oss til fortsetjinga!



*Vegar Vårdal og Agderfolk.
Bilete: Åslaug Haugå*

BlimE-dagen 19. november 2021

NRK Super inviterte alle skular og barnehager til å danse BlimE-dansen. Det ville me gjerne vere med på.



Skjermdump frå Bygland skule sin BlimE-dans på NRK Super 19.11.2021

Elevrådet inviterte til utkleingsdag med leik og moro før heile skulen dansa BlimE dansen. Dette vart filma, og sendt til NRK. Vil du sjå opptaket? Gå inn på lenka, <https://nrksuper.no/blime-dans/> søk etter *Bygland*.

BlimE er NRK Super sin årlege vennskapskampanje. Kvart år lagar dei ei ny BlimE-song, med tilhøyrande dans. Når elevane øver på å danse saman, så håper me det vil skape felles minner og glede, og betre samhaldet på trinnet og skulen generelt.

Siste skuledag før jol: **tysdag 21.** **desember 2021**

Skulestart er måndag 3. januar 2022

GOD FERIE OG GOD JOL!



Kultur

Tilskotsordning frå Bufdir

Bufdir forvaltar ei nasjonal tilskotsordning der målet er å legge til rette for at alle barn og unge skal ha moglegheit til mestring og samfunnsdeltaking

Tilskotsordninga skal bidra til utvikling av opne møteplassar, deltaking på ferie- og fritidsaktivitetar og fullføring av utdanningsløp.

Målgruppa er barn og unge i alderen 1 til og med 24 år som av ulike grunnar står i fare for å havne i utanforskap. Enkelte aktivitetstypar kan ha ei meir avgrensa målgruppe, dette kjem fram i forskriften.



Kven kan søkje?

Offentlege instansar, frivillige organisasjonar og private aktørar kan søkje om tilskot.

Kva kan du søkje om tilskot til?

Kultur-, fritids- og ferieaktivitet, jobbtilbod og rettleiing, utstyrssentral, lokal fritidskasse, kultur og aktivitetskort, aktivitetsguide, los/ungdomslos, open møteplass, utprøving av arbeidsmodellar, koordinering av lokalt arbeid for målgruppa, annan lokal aktivitet.

Korleis søkje?

Ein søker via Bufdir sin søknadsportal: <http://bufdir.no>

Søknadsfrist: 17.12.21

Kyrkjene i Bygland

Kyrkjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Per Emanuelson: 977 19 173



Gudstenester

- fredag 24.12. Jolaftansgudsteneste v/
Tom Martin Berntsen:
 - kl.12.00, Byglandsheimen
 - kl. 14.00, Bygland kyrkje
 - kl. 16.00, Årdal kyrkje i Grendi

Preiketekst: Lukas 2,1-20. «I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by.» **Takkoffer:** Kirkens Nødhjelp.



- laurdag 25. 12. Joledagen kl. 16.00,
Sandnes kyrkje i Åraksbø:
Høgtidsgudsteneste v/ Tom Martin
Berntsen. **Preiketekst:** Joh 1,1-14: «Det
sanne lyset, som lyser for kvart
menneske, kom no til verda.» **Takkoffer:**
Kirkens Nødhjelp.



- laurdag 01.01.2022 1.nyttårsdag kl. 12.00, Bygland kyrkje

Jolekonsert

- laurdag 11.12. kl. 16.00, Årdal kyrkje,
Grendi: Jolekonsert «På Grensa til
Allsong!»
med Øyvind Omnes, Vonheimkoret og
Bygland Hornmusikk
- søndag 12.12. 3.søndag i advent kl. 16.00,
Bygland kyrkje: Jolekonsert «På Grensa til
Allsong!»
med Øyvind Omnes, Elevar frå Bygland
skule og Bygland Hornmusikk
- torsdag 16.12. kl.19.00, Sandnes kyrkje,
Åraksbø: Me syng jola inn med
Vonheimkoret



JOLEKONSERT
«PÅ GRENSA TIL
ALLSONG»
Elevar Bygland skule
Øyvind Omnes og
Bygland hornmusikk





laurdag 04.12. kl. 20.00 – søndag 05.12. kl. 12.00, Evje kyrkje: Lysvåken for barn frå 5. trinn (frå Bygland, Evje og Hornnes)

Hei på deg, du som går i 5. trinn!!

Vi ønskjer å invitere deg til eit spennende arrangement som heter **LysVåken!**

Natt til 2. søndag i advent, frå laurdag 4. desember til søndag 5. desember, kan du bli med å sova over i Evje kyrkje.

Vi samlast laurdag kl. 20.00 i Evje kyrkje, og skal vera saman til etter gudstenesta søndag.

Vi skal synga, dansa, leika ,ha konkurransar, laga gudsteneste, utforska kyrkja, eta god mat, og sist men ikkje minst, sova over i kyrkja.

Sjølv om det heiter «Lys Våken», skal vi likevel sova om natta! J

Søndag har vi frukost saman, før vi øver til gudstenesta

Vi skal vera med i gudstenesta og dansa lysvåken dansen. Foreldre, søsken og besteforeldre og alle dei som vil, er hjarteleg velkommen til gudstenesta som blir søndag 5. desember i Evje Kyrkje kl. 11.00.

Vi gleder oss så til å vera saman med deg 😊

Meld deg på innan torsdag 2. desember til Maria på telefon 99719334.

Denne invitasjonen går til døypte i Dnk i Bygland og Årdal sokn og i Evje og Hornnes sokn. Kjenner du nokon i 5. trinn som ikkje har fått invitasjon så må du gjerne invitera dei med og be dei melda seg på til Maria.

Med vennleg helsing oss i Lys Våken komitéen:

Ann Carina, Sandra, Bianka og Maria 😊

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,
Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:
post@bygland.frivilligsentral.no
Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook



Opne aktiviteter er:

- **BUA Bygland (tidligere Utstyrssentralen)** bl.a. med mykje vinterutstyr, bua.io, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøyring av middag** to gonger i veka
- **Følgjeteneste og transport til og frå vaksinasjon**
- **Strøsand til eldre** (sjå under)

- **Seniorsenter:** kvar måndag kl. 11.00 – 14.30, Pakkhuset på Byglandsfjord – i desember 06. og 12. Teppebowles og bingo. Måndag 21.12. Joleavslutning for Seniorsenteret på Byglandsdfjord. Jolemiddag m/ dessert 150 kr. Bestill middag til Margit på tlf. 90225503.
- **Bingo:** annakvar tysdag kveld kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral – neste: **07. og 21.12.**
- **Bygdemiddag:** annakvar tysdag kl. 16.30 – 18.00, Bygland frivilligsentral – neste: **14.12.**
- **Open dag i salen – Byglandsheimen:** kvar onsdag kl. 11.00-15.00 – i desember **01., 08. og 22.12.** Middagsbestilling til Margit på tlf.: 90225503. 15.12. utgår p.g.a. adventsfest for beboere og pårørende.
- **Styrketrening:** torsdagar kl. 13.00 – 14.30, Byglandshallen
- **Strikkecafe:** 1. og 3. torsdag i månaden, kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral - neste: **02. og 16.12.**
- **Valfag Innsats for andre - samarbeid med Bygland Oppvekstsenter:** Kvar tysdag kl. 12.00-13.30, ikkje i ferien. Oppdrag kan meldes inn på sms til 945 10 700. Der skriv du adresse og kva oppdraget er.

Strøsand (singel) til eldre!

Frivilligsentralen i samarbeid med Rådet for eldre og funksjonshemma, har i vinter eit tilbod til dei som har vanskar med å hente sand på Nesmoen.



I garasjen til heimesjukepleien (ved Byglandsheimen) blir det sett ned bytter med singel. Det er 12 liters murebytter.

Meininga er at dersom ein treng singel til hjelp på glatta kan ein kome med ei tom tilsvarende bytte, sette den ned og ta med ei full.

For kontakt må ein ringe heimesjukepleien tlf. 95234632 eller

Frivilligsentralen tlf. 94510770. Det blir bytter frå ca. medio november.

For å få kontroll med kven som har bytta bøtter, blir det lagt ned ei liste der ein må skrive ned namnet sitt.

Jolegåvetreet på Joker Bygland

Takka vere flotte frivillige er no Jolegåvetreet på plass på Joker Bygland.

Lurer du på kva jolegåvetreet er?

Jolegåvetreet er eit resultat av fleire samarbeidspartnarar: Evje og Hornnes Røde Kors, Evje Og Hornnes Sanitetsforening, Evje Blå Kors, Byglandsfjord



Jolegåvetreet ved Joker Bygland.

Bilete: Anne Fauske

Grendelag, Bygland Frivilligsentral, Åseral Frivilligsentral, Evje og Horrens frivilligsentral og kyrkjene i Evje og Hornnes. Du vil finne ønsjelappar på treet. Her kan du velje deg ein lapp, med eit ønskje som du har lyst til å oppfylle. Du kjøper gáva og leverer ho til Joker, så formidlar Frivilligsentralen gáva vidare. Maks pris: 500 kr.

Det er også lov å ønskje seg noko! Dei som gjerne vi ha noko til jol kan melde inn ønskja sine til nokon i lista under. Det kan for eksempel vere: Jente, 7 år, Lego Friends. Den som tar imot lappen, held alt anonymt slik at ingen veit kven som har sendt inn ønskje bortsett frå kontaktpersonen. Den personen har teieplikt. Både born og vaksne kan melde inn ønskje! Ein treng ikkje kontakte personar i same kommune. Det står også ei ekstra postkasse på utsida av Frivilligsentralen på Bygland.



- Karina Lislevand, Evje og Hornnes Røde kors: 905 07 228
- May Brit Stenjør, Evje og Hornnes Sanitetsforening: 489 94 455
- Harald Aas, Evje Blå kors: 951 55 500
- Evje og Hornnes Frivilligsentral: 974 18 570
- Bygland Frivilligsentral: 945 10 770, eller ønskelapp i postkasse utanfor Frivilligsentralen
- Kirsten Lømsland, Byglandsfjord grendelag: 482 56 857

KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Bygland Filmklubb: søndag 12.12.



kl. 17.00: Tante Pose (1967)
alder: alle

kl. 19.00: Pitbull Terje (2005)
alder: 7 år



Bygdekinoen: onsdag 01.12. kl. 17.30 og kl. 19.30

kl. 17.30: Tre Nøtter til Askepott

OMTALE

Tre nøtter til Askepott er ei storslagen nyinnspeling av den årlege nasjonalfilmen til jola. Bli med Askepott inn i snøtunge skogar, og opp på det norske høgfjellet i kampen mot den vonde stemora. Astrid Smeplass debuterer i hovudrolla som Askepott., Med seg har ho eit stjernespekka og fargerikt skodespelarlag. Det blir eit heseblesande ritt, briljant bogeskyting og sjølvsgatt – slottsball med vanvittige kjolar og ein solid porsjon magi.

BILLETTPRIS: 100 kr

FILMFAKTA

Regi: Cecilie Mosli. Språk: norsk. Produksjonsår: 2021. Skodespelarar: Astrid Smeplass, Cengiz Al, Thorbjørn Harr, Ellen Dorrit Petersen, Bjørn Sundqvist, Kristoffer Hivju, Nader Khademi, Anne Marit Jacobsen, Jonis Josef, Ingrid Giæver, Sjur Vatne Brean, Arthur Hakalahti, Nasrin Khusrawi. Sjanger: Eventyr /Familiefilm. Nasjonalitet: Noreg. Lengde: 1t. 35min. Aldersgrense: 6 år.



kl. 19.30: Venom: Let There Be Carnage

OMTALE

Venom: Let There Be Carnage er oppfølgeren til actionfilmen Venom, om journalisten Eddie Brock og hans utenomjordiske symbiot. Dei kallar seg «Den dødelege vernaren». Venom, som har fått lov av Eddie til å bita hovudet av skurkar, knaskar ugjerningsmenn i jakta på rettfærd.



BILLETTPRIS: 120 kr.

FILMFAKTA: Regi: Andy Serkis. Skodespelarar: Tom Hardy, Michelle Williams, Woody Harrelson, Naomie Harris, Reid Scott, Stephen Graham
Sjanger: Action. Nasjonalitet: USA. Lengde: 1t. 37min.
Aldersgrense: 12 år.

Tømekalender for Bygland kommune – desember 2021

Matavfall og glas/metall: veke 48: torsdag 02.12.

Matavfall og restavfall: veke 50: torsdag 16.12.

Papir og plast: veke 52: tysdag 28.12.

Matavfall og glass/metall: veke 52: torsdag 30.12.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: som regel kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (08.12.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (**stengt 25.12.**)

Syrvtveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00--14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (13.11.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 28:

Bilete: Framside: Vikheii av Knut Olav Forgard. Innhald (m. m. anna er spesifisert): Sigurd Haugsjerd, Susanne Hegenscheidt, pixabay.com, Anne Fauske, Rådet for eldre og funksjonshemma, Bygland frivilligsentral, Jol i Setesdal, Bygland Bygdekvinneleg, Agder Angus, Byglands Husflidslag, Stoga AS, Landeskogens Venner.

Red.notat: Helene Wieden. Kva skjer: Geir Daasvatn.

Tusen takk til alle fotografane!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt - Korrektur: Mari

Rygg

Byglandsnytt januar 2022 kjem: 04.01., frist for innspel 29.12.



JOLEHELINGAR

frå redaksjonen og
takk for i år 😊


Ymse

Jol i Setesdal 2021

Jol i Setesdal fyller 60 år! Vi gratulerer!

Jubileumsutgåva er i handelen no.

Pris: 120 kr.



Bygland Bygdekvinnelag:

Byglandskalenderen 2022

Bygdekalendarer fra Bygland er til sals på alle matvarebutikkene i kommunen og på Databutikken på Evje. Pris: 100 kr.



Angus Agder prosjekt: Gratis busstur og fagmøte – laurdag 4. des.

Det blir gratis busstur laurdag 4. desember frå Hornnes til Haukeli med Angus-program. Oppmøte Esso Hornnes kl. 9.00 eller Shell Bygland kl. 9.30.

VELKOMMEN TIL BUSSTUR OG FAGMØTE

Lørdag 4. desember 2021 | Oppmøte Esso Hornnes kl. 09:00

1. Gratis busstur for alle faginteresserte, t/r Evje-Haukeli
2. Underveis middag og åpent fagmøte på Bykle Hotell kl 12
3. Til Haukabo som reklamerer med Angus, naturlig og ekte
4. Gjennomgående tema:

Angusavtalen – markedets beste - gir melke- og kjøttprodusenter mulighet til å foredle utmark og innmark til «verdens beste biff»

Avgang fra Esso-stasjonen på Hornnes lørdag 4.12.kl 0900 og fra Bygland (bensinstasjonen) kl 0930. I forbindelse med påmelding gir du beskjed om hvilken busslomme du venter på. Underveis er det faginfo og dessuten historier ved Sigurd Haugsgjerd til vi er tilbake på Evje ca kl 20. På hotellet er det info om Agder Angus, om evt etablering av «Bykle Angusrings», om rimelige og funksjonelle driftsbygninger mm. Meld deg på snarest!

- Til bussturen og fullt dagsprogram
- Kun middag og fag på hotellet
- Middag og fag samt bussturen opp til Haukabo

Påmelding: Torleiv Roland 48394684 el. Eivind Odd Kallhovd 91619852

Takk til våre sponsorer og riddivere:





Foto: Lene Bjørn Røysdal

Bygland Husflidslag: Jolemarknad på Ose

Grendehus – laurdag 4. des kl. 12.00 – 17.00

Flotte utstillarar, sal av mat og drikke, aktiviteter for born




Stoga kulturkafé:

Jolemarknad med lokale matprodusentar –

sundag 05. des. kl. 13.00-19.00

Liten jolemarknad med lokalproduserte matvarer, andre produkt, hesteskyss, sal av jolekaffe, open kafé, røing og mykje kos.



Bygland Bygdekvinnelag: Jolemøte – måndag

6. des kl. 19.00

Jolemøtet blir på biblioteket på Byglandsfjord.

Program med risgraut, quiz m.m.



Landeskogen Peace Center og Landskogens Venner: Luciafest på Landskogen – måndag 13. des kl. 17.30

Program: kl. 17.30 Oppmøte ved parkeringa ved R9. Ca. kl. 17.45 Fakkeltog til Landskogen. Kl. 18.00 Program på Landskogen med bl.a. dukketeateret *Fjøsningen ordner opp*



Yarm saft og lussekatter
Dukketeateret «Fjøsningen ordner opp»
Borna legg pakker til born i Romania under treet
Kanskje dukkar nissen opp med småpakker?
Alsong rundt joletreet
Bygland hornmusikk spelar



KVA SKJER I BYGLAND? Desember 2021

(med atterhald om endringar)

**GOD JOL OG GODT
NYTTÅR**

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
onsdag 01.12.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	17.30	Film: Tre Nøtter til Askepott
		19.30	Film: Venom
torsdag 02.12.	Bygland frivilligsentral, Revnes Hotell	18.00	Jolebord for frivillige tilknytt frivilligsentralen
laurdag 04.12.	Bygland Husflidslag, Ose grendehus	12.00 – 17.00	Jolemarknad på Ose grendehus
laurdag 04.-sundag 05.12.	Bygland og Årdal sokn + Evje og Hornnes sokn	18.00 – 12.00	LysVåken i Evje kyrkje for 5. trinn, kl. 11.00 Gudsteneste
sundag 05.12.	Lokale matprodusentar	13-19	Jolemarknad på Stoga kafé
måndag 06.12.	Bygland Bygdekviner	19.00	Jolemøte, biblioteket B-fjord
laurdag 11.12.	Bygland Hornmusikk, og Vonheimkoret	16.00	Jolekonsert med Øyvind Omnes, Årdal kyrkje, Grendi
sundag 12.12.	Bygland Hornmusikk, og Elevar Bygland skule	16.00	Jolekonsert med Øyvind Omnes, Bygland kyrkje
måndag 13.12.	Landeskogen Peace Center og LSK Venner	17.30	Lucia på Landeskogen
onsdag 15.12.	Kulturskulen	18.00	Jolekonsert på Evjemoen
torsdag 16.12.	Vonheimkoret, Sandnes kyrkje, Åraksbø	19.00	Jolekonsert «Me syng jola inn»
tysdag 21.12.	Skulane i Bygland		Siste skuledag før jol
fredag 24.12.	Byglandsheimen	12.00	Jolaftansgudsteneste
	Bygland kyrkje	14.00	Jolaftansgudsteneste
	Årdal kyrkje, Grendi	16.00	Jolaftansgudsteneste
laurdag 25.12.	Sandnes kyrkje	16.00	Høgtidsgudteneste

Familiebading, symjehallen i Bygland kvar TYS og FRE frå kl.17 – 20, ikkje i skuleferien

Bygland Ungdomsklubb: kvar MÅN og ONS, siste klubbkveld i 2021: 20. desember

For **Bygland frivilligsentralen** sine aktiviteter sjå s. 18